

Sommarskulen 2021



Voss herad

Gratis å vera med



veke 25
4-10 trinn
Sommardans



eiga påmelding
veke 25
7-10 trinn
Aktivitetsdagar



PLYWELL
import java.util.Arrays
import java.util.Random
public class dungeon {
public static void
Random rand =
String[] inven
String[] monst
int[] weaponSt
int strength =
int currentHe
int monster =
veke 25/26
5-10 trinn
Esportskule | Koding



Må vere symjedyktig
veke 25/26
3-10 trinn
Aqualeir



Må vere komfortabel i vatn
veke 26
3-10 trinn
Symjeskule



veke 29/30
5-7 og 8-10 trinn
Skaparcamp



veke 30/32
5-7 trinn
Oppdrag Myrkdalen



veke 31
5-7 trinn
VossaCampen



venteliste
veke 31
5-10 trinn
Elveleik



veke 31
5-10 trinn
Kokkekunst | Robot



veke 31
5-7 trinn
Smaksverkstedet



eiga påmelding
veke 32
5-10 trinn
Sommerlab



veke 41
1-7 trinn
Aktivitetskule



VOSS
HUSFLIDSLAG
veke 41
5-10 trinn
Tre og tekstil



veke 41
5-10 trinn
Haustferiedans



Påmelding

Påmelding: tinyurl.com/sommarskulevoss

Felles påmelding opnar laurdag 12. juni kl 10 og stenger onsdag 16. juni kl 22.

Sommardans (begynnar)

Veke 25

4-10 trinn

Arrangør: Voss Danseskule

Velkommen til ei veke med dans, sommarstemning og mykje kjekt! På Sommardans har me fem dagar i lag der me dansar, blir kjende med både nye og gamle venner, nyt sola og for dei som vil vert det høve til å kjøle seg ned i Vangsen i løpet av veka. Alle gruppene lærer inn to forskjellige dansar og lagar egne rekvisittar/kostymer som til slutt skal verte til ei mini-forestilling! Om ein har dansa heile livet eller har lyst til å berre prøve noko nytt ei veke, så er alle hjarteleg velkomne! Me tilpassar nivå etter dei som er med. Håpar me ser deg der!

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Vonheim
Tidspunkt: 09:00 - 14:30
mandag til fredag

Kontaktperson:
Constanze Lid Almklov
Tlf 45 23 55 32
post@vossdanseskule.no

Aktivitetsdagar med Gryto

Veke 25 (enkeltdagar)

7 - 10 trinn

Arrangør: Gryto

- Hawaii-party i Vossabadet
- Gondolen til Hanguren og aktiviteter på Røde Kors hytta
- Klatring og zipline
- Elvepadling
- Skatehallen; musikk, grilling og skating

Eiga påmelding:
voss.friskus.com



Stad: rundt omkring på Voss
Tidspunkt: dagtid og kveld
mandag til fredag

Kontaktperson:
Kristine Akselberg
Tlf 95 72 72 24
Kristine.Akselberg@voss.herad.no




Koding og gaming

Veke 25 eller 26

5 - 10 trinn

Arrangør: Playwell

På dette kurset vil elevane lære å programmere sitt eige spel. Dei vil lære prosjektplanlegging, matematikk, programmering og speldesign. Kvar dag vil det også vere sett av tid til sosial gaming der deltakarane vil få ein trygg arena der dei møter andre med lik interesse for spelning og koding.



Stad: Gryto

Tidspunkt: 10:00 - 14:00

mandag til fredag

Kontaktperson:

Tom Mæland

Tlf 93 60 16 01

tom@playwell.no

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

E-sportskule

Veke 25 eller 26

5 - 10 trinn

Arrangør: Playwell

Med ein erfaren e-sportsutøvar som instruktør vil deltakarar i dette kurset lære korleis ein kan utvikle seg i sitt spel, medan dei øver på samarbeid, strategi og planlegging. I løpet av veka vil elevane få opplæring i mental trening og fysiske øvingar for gamarar samt ein gjennomgang av kor viktig det er å ha ein god balanse med kosthold og søvn. Med ein profesjonell instruktør vil deltagere lære om samarbeid, strategi og god online-kutyme.



Stad: Gryto

Tidspunkt: 14:30 - 18:30

mandag til fredag

Kontaktperson:

Tom Mæland

Tlf 93 60 16 01

tom@playwell.no

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

Aqualeir

Veke 25 eller 26

3 - 10 trinn

Arrangør: Vossabadet

Bli med på aqualeir i Vossabadet! Her får du to bassengøkter kvar dag med kjekke aktiviteter i vatn, leia av instruktørar frå Voss IL symjegruppa. I tillegg får du ein god varm lunsj midt på dagen. Bli med på ei veke full av #ReinGLede!

Alle bassengøkter vert leia av vaksne sertifiserte instruktørar frå Voss IL symjegruppa.

N.B. må vere symjedyktig

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Vossabadet
Tidspunkt: 10:00 - 14:00
mandag til fredag

Kontaktperson:
Geir-Ole Selland
Tlf 41 41 56 56
geir-ole@vossabadet.no

Symjeskule

Veke 26

3 - 10 trinn

Arrangør: Symjegruppa Voss IL

Bli med på symjekurs! Symjegruppa Voss IL tilbyr intensiv kurs med fokus på flyt, framdrift og tryggleik i vatn. Dette gjer me gjennom lek og øvingar der borna kjenner meistring. Me har god erfaring med å halda kurs der borna får undervisning kvar dag i ei veke. Me har kvalifiserte instruktørar og følger kurs stigen til Norges Svømmeforbund, Trygg i Vann.

N.B. må vere komfortabel i vatn

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Vossabadet
Tidspunkt: 17:00 - 18:00
Mandag til fredag

Kontaktperson:
Silje Vethe Harbun
Tlf 92 14 76 06
siljevharbun@gmail.com

Skaparcamp

- Skaparglede, teknologi og action

Veke 29 eller 30

5-7 og 8-10 trinn

Arrangør: Kenneth Tveite i samarbeid med Haakon Walseng

Kurset for deg som er glad i teknologi, action og å laga ting.

Me skal mellom anna: læra å 3d printe, designe og laga vår eiga t-skjorte, programmere elektronikk, skate, ha vannkrig og delta på oppfinnerverkstad. Dette blir ei uforgløyemeleg veke der du lærer mykje nytt saman med bra folk. Me deler inn grupper etter alder

Passar like bra for jenter som gutar. Du treng ingen forkunnskapar.

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Voss folkehøgskule

Tidspunkt: 10:00 - 15:00

mandag til fredag

Kontaktperson:

Kenneth Tveite

Tlf 47 71 13 34

kenneth.tveite@gmail.com

Oppdrag Myrkdalen

Veke 30 eller 32

5-7 trinn

Arrangør: Myrkdalen Fjellandsby

«Oppdrag Myrkdalen» er ein actionfylt sommarskule for born- og unge. Med Myrkdalen som arena, tilbyr vi ein 3-dagars intensiv og attraktiv «sommarskule» i bratt vestlandsnatur for born og unge.

Deltakarane lærer:

Basis friluftsliv, navigering med kart og kompass, bålfyring og matlaging på bål, etablere leirplass, bekledning ute, elvepadling kajakk, klatreteknikk ute, stisykling

Krav: symjedyktig, skadefri, må stilla med basis friluftslivutstyr; bekledning, sovepose, liggeundelag, fjellsko og sekk. Må vera komfortabel med å vere borte frå foreldre/føresette nokre dagar.

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Myrkdalen

Tidspunkt: Mandag morgen til onsdag ettermiddag (to overnattingar heimefrå).

Kontaktperson:

Joar Wæhle

Tlf 97 51 73 50

joar.wahle@myrkdalen.no

VossaCampen

Veke 31

5-7 trinn

Arrangør: FBK Voss og Voss Resort

Målet vårt er å gje borna på Voss moglegheita til å sjå og oppleve mange av aktivitetane bygda vår tilbyr. Me ynskjer å skape interesse og rekruttere til meir aktivitet i kvardagen.

Gjennom allsidig leikprega aktivitetar vil me ha fokus på samarbeid, kommunikasjon og relasjonsbygging.

Me ser fram til ei heidundranes kjekk veke saman med aktive og glade born !



Stad: Voss resort og rundt omkring

Tidspunkt: 09:00 - 15:00

mandag til fredag

Kontaktperson:

Guro Øvsthus

Tlf 47 68 15 05

guro@vossresort.no

Silje Hauge

48 02 22 72

kontor@fbkvoss.no

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

Elveleik

Veke 31

5-10 trinn

Arrangør: Voss kajakklubb

Sommarskule med elveleik i veke 31! Voss Kajakklubb arrangerer sommarskule 3. år på rad! Det vert introduksjon til elvesportane padling, rafting og elvebrett, samt mykje leik og moro i det flotte Vossavassdraget. Klubben sin base er attmed magasinet på Tvildemoen. Her er det oppmøte og avslutning kvar dag, og her får me låna utstyret me treng til aktivitetane. Sjølv treng ein berre ta med badekle og handkle.

N.B. Venteliste

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Tvildemoen

Tidspunkt: 10:00 - 14:00

Mandag til fredag

Kontaktperson:

Silje Skorve Paulsen

Tlf 99 52 28 82

styret@vosskajakklubb.com

Kokkekunst

- fra cupcakes til kokegrop

Veke 31

5-10 trinn

Arrangør: Salt Voss

Elevane får delta i tradisjonsrike kjøkkenaktivitetar, mellom anna å laga lefser og anna brødbakst, sylte og laga saft. Elevane blir også kjend med gamle teknikkar ute i naturen, ved å lage ei kokegrop. I tillegg får elevane kanskje erfare nokre nye smakar når dei skal lage sin egen pizza i steinovn, ein internasjonal middagsrett og dessert med ulike typar cupcakes.



Stad: ein skule på Vangen

Tidspunkt: 10:00 - 14:00

mandag til fredag

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

Kontaktperson:

Vegard Hansen

Tlf 48 10 85 65

vegard.hansen@saltbergen.no

Bygg en robot

Veke 31

5-10 trinn

Arrangør: Salt Voss

I løpet av ei veke får elevane moglegheit til å byggja fleire ulike teknologiske LEGO-robotar (LEGO SPIKE Prime). Borna vil få ta del i engasjerande aktivitetar, og vil lære å tenke kreativt og resonnerer systematisk. Elevane får ulike oppdrag som dei må løysa, som vi tilpassar etter alder og nivå. Sommarskulen passar derfor både for nybyrjarar og meir erfarne programmerarar. Kanskje du kan bygge ein modell som kan dansa, eller ein bil du kan fjernstyra?



Stad: ein skule på Vangen

Tidspunkt: 10:00 - 14:00

mandag til fredag

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

Kontaktperson:

Vegard Hansen

Tlf 48 10 85 65

vegard.hansen@saltbergen.no

Smaksverkstedet

Veke 31

5-7 trinn

Arrangør: Folkelig

Bli med på Smaksverkstedet sitt sommarkurs! Her skal me testa nye matrettar, utforska råvarer og eksperimentera med spennande smakar, for på Smaksverkstedet er det lov å leike med maten! Me skal blant anna laga bananis, dyrka vår eigen mat, ete deilig sommerrettar og utfordra sansene i smaksløyper og blindtestar. Meld deg på til ein variert rekkje sommaraktivitetar med mye digg mat, lek og moro.



Stad: ein skule på Vangen

Tidspunkt: 10:00 - 14:00

mandag til fredag

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)

tinyurl.com/sommarskulevoss

Kontaktperson:

Kathrine Marthinsen

Tlf 93 25 40 68

hei@smaksverkstedet.no

Sommerlab

Veke 32

5-10 trinn

Arrangør: Forskerfabrikken

I år fokuserer innhaldet på miljø, berekraft og teknologi. Borna skal utforska elektriske kretsar, kjemiske reaksjonar og fornybar energi som gass og solceller. Det blir kule eksperimenter, samarbeid og kodekneking. Borna skal mellom anna få bygge sin eigen solcellebil, testa ut ulike metodar for å rense vatn og bygge elektriske maskiner av resirkulert emballasje. Gjennom spanande aktivitetar ynskjer me å visa borna korleis naturvitenskap kan skapa gode løysingar for framtida.

Påmelding: (opnar mandag 14. juni kl 9)

www.sommerlab.no

Sommerlaben vert arrangert med støtte frå Voss herad, Voss Energi og Indre Hordaland Miljøverk IKS



Stad: Voss Gymnas

Tidspunkt: 09:00 - 15:00

mandag til fredag

Kontakt:

Tlf 22 15 54 00

info@forskerfabrikken.no

Aktivitetsskule

Veke 41, høstferien

1-7 trinn

Arrangør: Sigurd, Bjarte og Trond

Et tilbud der ein saman er mykje i aktivitet, og der det sosiale står i sentrum.

- Friluftsliv
- Ballspel
- Leik
- Teambuilding
- Friidrett
- Fysisk aktivitet og sosialt samspel.

TRIVSEL + LÆRING = UTVIKLING

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss



Stad: Voss idrottshall
Tidspunkt: 09:00 - 15:00
mandag til fredag

Kontaktperson:
Sigurd Simpson-Larsen
Tlf 90 96 44 68
sigurdsimpson@hotmail.com

Tre og tekstil

Veke 41, høstferien

5-10 trinn

Arrangør: Voss Husflidslag

Voss husflidslag ynskjer velkommen til ei annleis haustferieveke på Tvildemoen. Likar du å driva med ulike aktivitetar innan kunst og handverk så er dette noko for deg. Me vil vera på Trebua og driva med dreining og spikking. Eller er du meir glad i å sy, tova, strikka eller veva så vert det ei gruppe for det og.



Stad: Tvildemoen
Tidspunkt: 10:00 - 15:00
mandag til torsdag

Kontaktperson:
Karen Rio Holstad
Tlf 97 89 08 95
kirh2000@online.no

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss

Haustferiedans

Veke 41, høstferien

5-10 trinn

Arrangør: Voss spelemannslag

I haustferien 2021 kan du verta kjend med dansane halling og eit utval andre dansar. Dette høver for alle som har lyst til å prøve å danse. Her treng du ingen forkunnskap, og du får danse til levande musikk. Leiarane vil vera av dei beste i landet.

I samarbeid med Ole Bull akademiet, Osafestivalen og Hardingfela.no



Stad: Vangen
Tidspunkt: 09:30 - 15:00
mandag til fredag

Påmelding: (opnar laurdag 12. Juni kl 10:00)
tinyurl.com/sommarskulevoss

Kontaktperson:
Arne Anderdal
Tlf 90 16 52 83
arne@olebull.no

Påmelding til sommarskulen 2021

tinyurl.com/sommarskulevoss

- Opnar laurdag 12. Juni kl 10:00
- Stenger onsdag 16. juni kl 22:00

Påmelding til dagsaktiviteter med Gryto:
voss.friskus.com

Påmelding til Sommerlab med forskerfabrikken:
www.sommerlab.no (opnar mandag 14. juni kl 09:00)



Arrangøren av kurset du har fått plass ved tek kontakt og informerar nærare når det er klart.